

**Fra:** Anni Sundal <anni.hagoy@gmail.com>  
**Sendt:** fredag 18. juni 2021 08:13  
**Til:** Postmottak Alver  
**Kopi:** sfvl@statsforvalteren.no  
**Emne:** Fwd: [Scan] 2021-06-09 09-23  
**Vedlegg:** 2021-06-09 09-23.pdf

Til Morten Mangerøy Helland, Tommy Veland og Statsforvaltaren Vestland

Hei.

Som avtalt i går med Ove Midtbø, Statsforvaltaren i Vestland, sender eg denne meldinga på nytt til Alver kommune med kopi til Statsforvaltaren. Håpar på at kommunen vil gje oss tilbake vår riktige grense mellom gbnr 332/2 og 1.

Helsing Anni Sundal

----- Forwarded message -----

**Fra:** Anni Sundal <anni.hagoy@gmail.com>  
**Date:** ons. 9. jun. 2021 kl. 16:06  
**Subject:** Fwd: [Scan] 2021-06-09 09-23  
**To:** Svein Hagoy <svein.hagoy@gmail.com>, anni hågøy <anni.hagoy@gmail.com>

Til Morten Mangerøy Helland og overordna Tommy Veland

Vedr:

saksnr 21/2167. Retting av grense i matrikkelkartet gbnr. 332/2 og 332/1 i Alver kommune.

Hei.

Dette er ei ueinigheit mellom Aver kommune og oss eigarar av gbnr. 332/2.

Det ser ut for oss som at grensa mellom gbnr. 332/2 og gbnr 332/1 har vorte endra 2 gonger på kartet - på to forskjellige tidspunkt- og ført inn i matrikkelen utan vår viten og vilje. Dette må ha skjedd ein gong i tidsrommet 09.03.78 og fram til no, sjå vedlagde kart 3.

I matrikelbrevet for gbnr 332/2, ser det ut for oss som om desse endringane er ført inn utan signatur og datering.

Me ynskjer å få att grensene våre på kartet slik som dei var på kart stempla, datert og signert av kommuneingeniør R.Bj. 16.febr. 1978 og Meland Bygningsråd, 09.03.1978. (Kart nr 3)

VEDLEGG:

Kart nr 1: - viser eigedomsgrenser på gnr 332 før og etter utskiftning i 1911.

Kart nr 2: - er utsnitt av eit seinare kart på gnr 332. Grensa mellom bnr. 2 og bnr.1 ser ein kryssar innteikna elv og endar opp eit stykke nord for denne.

Kart nr 1 og nr 2 fekk me utlevert av foreldra mine i samband med overtaking av bruk nr 2. i 1983.

Kart nr 3: - Ser ut for oss å vera make kart nr 2, men kart nr tre er stempla og datert av kommuneingeniøren i gamle Meland kommune, og bygningsrådet. Me ynskjer å få att grensa vår som er innteikna på dette kartet mellom bnr 2 og bnr1. Me har full tillit til at dette kartet er riktig.

Kart nr 4: - Der har fyrste grenseendring skjedd, utan vår viten og vilje. Grense mellom bnr 2 og bnr 1, skal vera bein linje, men har fått ein vinkel. Dette er vestom vår felles veg, austom vegen kan me ikkje sjå endringar på dette kartet.

Særleg interessant er at vår riktige grense er innført på same kartet, som ei stipla svart linje. Som på tidlegare kart ser me at den riktige grensa vår kryssar innteikna elv og endar opp i vest eit stykke nord for denne.

Kart nr 5: - Her er vår riktige grense vestom vegen vekke, den var stipla med svart på det forrige kartet jamsides med den feilaktige grensa. På dette kartet viser berre den feile grensa vestom vegen.

Kart nr 6: - Sendt oss av Alver kommune 10.05.21. Her meiner me flytting av grensa vår i matrikkelkartet har skjedd ein gong til, utan vår viten og vilje.

Austom vegen er innteikna ein vasskum, med blå farge, nedlagd av kommunen då bygda vår fekk kommunalt vatn. Synleg del av denne, 1,85m, ligg i si heilheit på vår eigedom når me siktar etter eigedomskrossane.

Pga det gamle gjerdet er fjerna, har me leita fram eigedomskrossane og ein og annan gardstaur i jern som er nedstøypt i berg tett ved eigedomskrossane. Å finna eigedomskrossane frå 1911, nøyaktig der dei står i utskiftningspapira at dei skal vera, under mold og rusk, var ei oppleving. Generasjonane har kome og gått, men krossane er der og talar sitt tydelege språk om eit formidabelt arbeid for å sikra etterkomarane tydelege og trygge eigedomsgrenser.

Vel, me fann vår riktige grense. Me ser at synleg del av vasskum, 1,85m i diameter, ligg på bruk nr 2, men på kart nr 6 sendt av kommunen ganske nyleg, viser det at vasskummen ligg på bnr 1. Kommunen skriv at: "Kartet viser at kum ligger på bnr 1." Altså- nok ei endring av grensa vår på kartet utan vår viten og vilje.

Kart nr 7: - Viser vår noverande grense i matrikkelen mellom bnr 2 og bnr 1. Grensa er digitalisert og innført udatert og usignert i matrikelbrevet på bnr 2, vår eigedom, utan vår viten og vilje. Kvar den grensa ligg i terrenget er vanskeleg for oss å vita, pga få referansepunkt. Men sidan grensa i vest ligg langt nordom innteikna elv, i motsetning til tidlegare kart, at grenselina er vinkla i staden for å vera bein, og at grensa ved tidlegare omtala kum ligg 1,85 m for langt mot sør, så veit me at dette er feil.

Kart nr 8: - Viser kommunen sitt forslag til retting av grense i matrikkelen mellom gbnr 332/2 og 332/1 i Alver kommune. Forslaget til ny grense er teikna med mørkeblå/svart line vestom vår felles veg.

Me har langt frå tillit til at dette forslaget til grense på kartet er riktig. Den føreslegne linja endar sørom innteikna elv på kartet. På tidlegare kart ligg vår grense innteikna eit stykke nordom elva.

Jfr målestokk på kartet med kommunen sitt forslag til retting, når kartet har 100% storleik, ser det ut for at den føreslegne grensa ligg minst 1m for langt sør.

Feilen austom vegen, der me finn at grensa må vera flytta minst 1,85m mot sør på kartet er heller ikkje retta opp. Dette er ei 300m lang grense, evt feil kan verta mange kvadratmeter.

Me skjønar ikkje kvifor kommunen skal koma med "forslag" til kvar vår riktige, nordre grense skal liggja. Bruk kart nr 3, stempla, datert og signert av kommuneingeniøren i gamle Meland kommune 16.febr 1978, og godteke og datert av Meland bygningsråd 09.03.78. Det kartet har me tillit til alle, og den grensa som står der vil me ha.

Til slutt, skulle det vera noko som Veland og Mangerøy Helland synst er uklårt av det eg skriv her, -me vil verta glade for at de tek kontakt med oss for å oppklara eventuelle misforståingar.

Helsing Anni Sundal og Svein Hågøy

----- Forwarded message -----

Fra: **Anni Sundal** <[anni.hagoy@gmail.com](mailto:anni.hagoy@gmail.com)>

Date: ons. 9. jun. 2021 kl. 09:58

Subject: [Scan] 2021-06-09 09-23

To: Anni Sundal <[anni.hagoy@gmail.com](mailto:anni.hagoy@gmail.com)>

Sent with Genius Scan for Android

<https://dl.tglapp.com/genius-scan>